

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 25.2.2011  
**Stad:** Oslo, Thon Hotel Opera

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune
Forfall: Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Runolv Stegane

---

## **SAK 09/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28.1.2011**

### **Vedtak**

Møteprotokoll 28.1.2011 vart vedteke.

## **SAK 10/11 MØTE MED BUSKERUD KOLLEKTIVTRAFIKK AS**

Frå Buskerud Kollektivtrafikk deltok Henry Gaarde, administrerande direktør og Kari Ovesen Haugland, utviklingssjef. Dei orienterte om Buskerud Kollektivtrafikk, kollektivtrafikken i Buskerud, og kollektivtrafikk i ein plansamanheng (presentasjon vedlagt)

Andre tema som vart drøfta:

- Arbeidet med kollektivtrafikkplan for Buskerud
- Turisttrafikk som ein del av kollektivtrafikken
- Innspel frå Hallingdal ungdomsråd, sjå møtebok sak 62/10

## **SAK 11/11 SKJØNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN 2011, PRIORITERING AV TILTAK**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil med bakgrunn i rådmannsutvalet si innstilling, prioritere følgjande prosjekt for tildeling av skjønnsmidlar for 2011:

- Felles løft for tidlig innsats: kr. 400.000
- IKT-prosjekt, Hallingdal skrivebord kr. 400.000

## **SAK 12/11 SLUTTRAPPORT FOR FORPROSJEKT OG MELLOMPROSJEKT - HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE SENTER**

### **Vedtak**

#### **Tilråding til kommunane:**

1. Regionrådet for Hallingdal rår kommunane i Hallingdal og styret for Vestre Viken HF til å etablere eit 3-årig hovudprosjekt, slik det er beskrevet i prosjektplanen for hovudprosjektet og dei 7 delprosjektplanane.

Hovudprosjektet skal delast inn i

- ein utgreiingsfase ( 2011- 2012)
- ein gjennomføringsfase ( 2012 – 2014 )

Samarbeidspartane skal godkjenne tilrådingane frå utgreiingsfasen, før iverksetjing av gjennomføringsfasen.

2. Kommunane og Vestre Viken HF gir tilsagn om naudsynt frikjøp av tilsette i delstilling, for gjennomføring av prosjektet.

### **Endeleg vedtak i Regionrådet**

3. Regionrådet for Hallingdal godkjenner sluttrapport for forprosjektet og mellomprosjektet Hallingdal Lokalmedisinske Senter ( HLS ).
4. Hovudprosjektet si utgreiingsfase blir gjeve ein maksimal ressurstildeling på 40 månadsverk, og ei kostnadsramme for 2011 på 1.7 mill kroner, finansiert gjennom overført løyving og eksterne tilskotsmidlar. Finansiering frå 2012 må avklarast i samband med stortingshandsaminga av finansieringsordningar og tilskotsmidlar. Prosjektet er planlagt med oppstart i mai 2011, med unntak for delprosjekt 6 og 7. Av utanforliggende årsak krev desse oppstart 1-2 mndr tidlegare, noko som er klarert med eigarane. Hovudprosjektleiar bør om mogleg starte tilsvarande i inntil 60 % stilling.
5.
  - a. Prosjekteigarar for hovudprosjektet er Regionrådet for Hallingdal og Vestre Viken HF, med ansvar for 50 % av finansieringa på kvar av eigarane.
  - b. Styringsgruppe for hovudprosjektet er samarbeidsutvalet mellom Vestre Viken HF og kommunane i Hallingdal, utvida med ordførarane.
  - c. Oddvar Grøthe vert prosjektansvarleg.
  - d. Som prosjektgruppe skal partane oppnemne følgjande:
    - 3 representantar vald av Regionrådet for Hallingdal
    - 3 representantar vald av Styret for Vestre Viken HF
    - 2 representantar frå dei tilsette sine organisasjonar
    - 1 representant frå brukarorganisasjonane
  - e. Styringsgruppa gir prosjektgruppa mynde til å tilsette hovudprosjektleiar og avtale frikjøp av leiarar for delprojekta.
6. Eigarane vil etablere følgjande avgjerdspunkt:
  - a. etter utgreiingsfasen i hovudprosjektet / før overgang til gjennomføringsfasen.
  - b. etter gjennomføringsfasen og slutføring av prosjektet før overgang til fast drift.

Ål 6.3.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 10/11

# Kollektivtilbudet i en plansammenheng

Kari Ovesen Haugland  
Utviklingssjef

Regionrådet for Hallingdal  
25. februar 2011



## Hvorfor kollektivtrafikk?

CO<sup>2</sup>?



## Hvorfor kollektivtrafikk?



Støv?

Støy?

## Hvorfor kollektivtrafikk?



Plassbehov?

## Hvorfor kollektivtrafikk?



## Hvorfor kollektivtrafikk?



## Hvorfor kollektivtrafikk?

Før:




Etter:



Er det menneskene eller bilene som trives best i tettstedene våre?


## Hvorfor kollektivtrafikk?



Velferd

## For hvem?

- Barn?
- Unge?
- Eldre?
- Arbeidsreiser?
- Fritidsreiser? Turister?
- Handlereiser?



## Samordnet areal- og transportplanlegging

- Kommuneplanen viktig!
- Hvor plasseres:
  - Nye boliger?
  - Skoler?
  - Arbeidsplasser (arealkrevende eller arbeidsintensiv?)?
  - Hoteller/turistbedrifter?



### **Snarveien**

Viktig del av reisen for mange.  
Kanskje det som skal til for å velge  
kollektivt?

Her har kommunene virkemidlene:

- Registrering av eksisterende
- Sikring i plan- og byggesaker
- Etablering av nye



## **Kollektivtrafikkplan for Buskerud**

- Fylkeskommunens plan
- Endret fremdrift
- Høringsperiode i årsskiftet 2011/2012  
(minimum 6 uker)
- Knut Arne Gurigard deltaker i arbeidsgruppa  
for distriktene i Buskerud



## Forskjell by-distrikt

- Mål/hensikt
  - CO2 - global forurensning
  - NOx, støv, støy – lokal forurensning
  - Fremkommelighet for næringslivets transport
  - By-/tettstedsutforming
  - velferd
- Virkemidler
  - Separat trasé, fremkommelighet, parkeringspolitikk, mm


## Turisme

- I hvilken grad skal kollektivtrafikken legges til rette for turistene?



## Ringeriksbanen?

- Kommer den?
- Når? Før 2023?
- Bør omtales i kollektivtrafikkplanen
- Konsekvenser?



## Skoleskyss – og...?

- Hva slags kollektivtilbud skal vi ha i tillegg til skoleskyss (lokalt) i distriktene?
  - Bestillingstransport?
  - Rutegående transport?
- Regiontog
  - Stoppmønster?
- Langdistansebusser
  - Kommersielle?

7/2-18/2 2011 man-fre (10 dager)

## Ruter som ikke er skolebuss

Avgang kl	Fra	Til	Merknader	Betalende	Bet./tur
1110	Geilo	Gol		126	12,6
1345	Geilo	Gol	Korr. til Oslo	71	7,1
1645	Geilo	Gol	Korr. til Oslo	49	4,9
1050	Gol	Geilo		57	5,7
1245	Gol	Geilo	Korr fra Oslo	123	12,3
1835	Gol	Geilo	Korr fra Oslo	79	7,9
0930	Geilo	Ustaoset		6	0,6
1150	Geilo	Ustaoset		15	1,5
1000	Ustaoset	Geilo		23	2,3
1125	Ål st.	Bergsjø		42	4,2
1245	Bergsjø	Ål st.		29	2,9
0900	Ål	Torpo-Ål	Ma-on-fr	29	2,9
snitt				54	5,4

## Samfunnsøkonomi

- Kost/nytte
- Hva gir best nytte per krone?
- Hva prioriterer vi innenfor et avgrenset budsjett?



## Kommunale tilskudd til kollektivtrafikken?

- Drammen
- Kristiansand
- Flora

## Nytt pris- og sonesystem

- Mål: enkelt og attraktivt
- Dagens sonekart (70 soner):
  - Ca 22 i Hallingdal

